



Arkitekt Per Kvam  
C. J. Hambros vei 62  
5148 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8980 - 20/49075

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
12.08.2020

## Løyve til oppføring av tilbygg fritidsbustad - gbnr 134/134 Hilland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 806/20  
**Tiltakshavar:** Monika Moberg  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitekt Per Kvam  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal oppførast og plasserast som vist i teikningar og situasjonsplan vedlagt søknad mottteken 05.05.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til fritidsbustad i form av overbygd altan med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 27 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) 27,5 m<sup>2</sup>.

I tillegg gjeld saka endringar i fasade mot sørvest med innsetting av større vindauge og skyvefelt.

Utnyttingsgrad er opplyst til 4,7 % BYA og samla bruksareal (BRA) er opplyst til 92m<sup>2</sup> for tiltak på eigedommen.

Det vert elles vist til søknad mottteken 05.05.2020.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden vart mottteken den 05.05.2020 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden med uttale frå Vestland fylkeskommune.

**Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås sin arealdel er definert som eigedom med status som LNF- spreidd. Det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA. Samla bruksareal skal ikkje overstiga 150m<sup>2</sup>.

**Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

**Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn uttale frå Vestland fylkeskommune, motteken 11.08.2020.

Svar - Uttale til - tilbygg fritidsbolig - gnr 134 bnr 134 Hilland - Alver kommune  
Vestland fylkeskommune viser til brev med spørsmål om uttale datert 31.07.2020.

**Kva saka gjeld**

Det er søkt om oppføring av terrasse på gnr. 134 bnr. 134 i Alver kommune.

**Uttale**

Eigedomen ligg ca. 350 meter frå fylkesveg 565.

Vi har derfor ingen innvendingar til oppføring av terrasse på eigedomen.

**Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

**Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.03.2020.

**Vatn og avløp (VA)**

Ingen endringer.

**Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg .

**Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

**VURDERING:****Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønne gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, dei bygde omgjevnader og plassering.

**Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggt teknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/8980**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart  
Teikningar

**Mottakarar:**

Arkitekt Per Kvam

Monika Moberg  
Stig Ole Sevaldsen

C. J. Hambros vei 5148  
62

Fløenbakken 4 5009  
Fløenbakken 4 5009

FYLLINGSDALEN

BERGEN  
BERGEN